ULSTEIN KOMMUNE

Samfunnsanalyse

Ulstein kommune 2020

Grunnlagsdokument for kommunedelplan levekår 2020-2032

Innhaldsliste.

1.Innleiing 4
2.Metode og gjennomføring 4
3.Demografi 5
3.1 Folketalsutvikling 5
3.2 Innanlandsflytting 7
3.3 Alderssamansetnad 8
3.4 Innvandring 9
3.5 Kjønnsbalanse 9
3.6 Utdanningsnivå 10
3.7 Framskriving 11
4.Sysselsetting og næringsutvikling 12
4.1 NHOs næringsNM 14
4.2 Etableringar 14
4.2 Bruttoinntekt 15
4.3 Framskriving 15
5.0 Oppvekst 16
5.1 Framskriving 18
6. Helse og omsorg 19
6.1 Framskriving 21
7. Klima, miljø og arealbruk 22
7.1 Bustader 22
7.2 Sentrumsutvikling 23
7.3 Aldersvenleg samfunn 23
7.4 Klimautslepp 24
7.5 Framskriving 26
8. Folkehelse og sosial ulikskap. 26
8.1 Psykisk helse 27
8.2 Rus 28
8.3 Mobbing 31
8.4 Livsstillssjukdomar 32

8.5 Antibiotikabruk 33
8.6 Fattigdom 33
8.7 Framskriving 34
9. Demokratisering 36
9.1 Tillit 36
9.2 Samskaping 37
9.3 Digitalisering 38
9.4 Framskriving demokrati 38
10. Kultur 38
10.1 Rekreasjon og fysisk aktivitet 39
10.2 Kulturindeks 39
10.3 Framskriving kultur 41
Kjelder 42

1. Innleiing

Formålet med dette dokumentet er å bidra med kunnskap og innsikt til Ulstein kommune sin kommunedelplan for levekår. Dagens levekårsplan vart vedteken i 2013 og gjeld til 2020. I desse åra har Ulstein kommune vore gjennom vesentlege samfunnsendringar. Dette dokumentet vil vere ein samfunnsanalyse av Ulstein kommune og er meint som eit rammeverk for vidare arbeid

Ulstein kommune har dei siste tiåra hatt ein stabil vekst i folketalet og kommunesentrum har vidare utvikla seg til eit lokalt regionssenter. Kommunen er vertskap for fleire bedrifter som er del av den maritime næringsklynga, og kommunen er vertskap for eit maritimt kompetanse senter. Kommunen har dei siste åra auka lånegjelda, men har bygd opp fleire nye fasilitetar som kulturhus, bibliotek/symjehall og investert i utforminga av Ulsteinvik sentrum. Likevel er hovudnæringane i kommunen inne i ein periode med resesjon. Dette kan medføre ei noko usikker utvikling av Ulsteinsamfunnet og levekårsområdet.

I dokumentet har vi prøvd å kartlegge dagens situasjon, danne eit utfordringsbilete for Ulstein kommune og skildre ei mogleg framskriving. Samfunnsanalysen legg vekt på å få fram både fortrinn og faktorar som er hemmande for vekst i kommunen og regionen samla sett. Vidare legg rapporten vekt på utfordringar og moglegheiter for det vidare arbeidet med kommunedelplan for levekår.

Levekår og samfunnsutvikling er ei kompleks oppgåve. Arbeidsgruppa har valt ut sju hovudområde; (1) *Demografisk utvikling*, (2) *sysselsetting og næringsutvikling*, (3) *oppvekst*, (4) *helse og omsorg,* (5) *klima, miljø og arealbruk*, (6) *demokratisering* og (7) *kultur.* For kvart område gjer vi ein analyse av no-situasjonen, omtalar hovudtrekk og ei framskriving.

2.Metode og gjennomføring

Arbeidsgruppa har bestått av kommunalsjef for helse- og omsorgsetaten Marit Botnen, interkommunal samfunnsplanleggjar Jarand Holtekjølen Dugstad, kommunalsjef for oppvekst- og kulturetaten Gry Nordal, planleggjar Cecilie Roppen, kultursjef Leif Ringstad og kommunalsjef for sentraladministrasjonen Monica Cecilie Torp. Arbeidsgruppa har sidan november 2019 arbeidd med å sette saman ei samfunnsanalyse av Ulstein-samfunnet.

Samfunnsanalysen skal vere eit rammeverk for kommunedelplan for levekår (2020-2032). Arbeidsgruppa har gjort eit utval av 7 fokusområde som har stor betyding for levekåra og eit berekraftig samfunn i kommunen.

- Demografi
- Arbeid og busetting
- Klima, miljø og arealbruk
- Demokratisering og digitalisering
- Helse og omsorg
- Oppvekst
- Kultur, idrett og friluft

For å skildre sentrale utviklingstrekk og utfordringar for kommunen knytt til dei ulike fokusområda, har arbeidsgruppa tatt utgangspunkt i eksisterande statistikk frå Møre og Romsdal fylkeskommune, Statistisk sentralbyrå, ungdata, kommunefakta og andre relevante kjelder.

3.Demografi

Ulstein er ein av få kommuner på Sunnmøre som opplever fødselsoverskot. Saman med innvandring har ein såleis eit veksande folketal. Talet på eldre aukar i kommunen og gjennomsnittsalderen er stigande. Fordelinga mellom menn og kvinner er svært skeiv, noko som skuldast høg arbeidsinnvandring til regionen. Ulstein komme opplevest likevel som attraktiv for unge i etableringsfasen, noko som påverkar kommuneøkonomien positivt.

3.1 Folketalsutvikling

Tabellen under viser utviklinga i folketalet i Ulstein kommune frå 1964 og fram til 2019. Tala viser at kommunen har hatt ein auke i folketalet frå 3 857 innbyggarar i 1964 til 8559 i 2019. Dette utgjer ein vekst på 123%, noko som er unikt for ein utkantkommune i Noreg.

ÅR	1964	2011	2019	ENDRING (%)
	3.857	7.751	8.559	121,9%

Ser ein på utviklinga i regionen (Søre-Sunnmøre) frå 2011-2019, skiljer Ulstein seg ut med ein vekst på 808 innbyggarar. Ulstein kommune er såleis den kommunen som har hatt størst auke i folketalet sidan 2011 på Sunnmøre.

	Befolkning									
	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
1511 Vanylven	3 471	3 417	3 388	3 336	3 302	3 258	3 256	3 203	3 187	3126
1514 Sande (Møre og Romsdal)	2 518	2 625	2 588	2 628	2 636	2 635	2 559	2 540	2 522	2463
1515 Herøy (Møre og Romsdal)	8 383	8 533	8 727	8 847	8 847	8 934	8 972	8 957	8 965	8913
1516 Ulstein	7 461	7 751	7 828	7 927	8 092	8 292	8 430	8 457	8 555	8559
1517 Hareid	4 859	4 932	5 000	5 057	5 021	5 065	5 189	5 185	5 150	5160
1519 Volda (-2019)	8 573	8 655	8 693	8 827	8 909	8 977	9 037	9 102	9 188	10356
1520 Ørsta	10 343	10 373	10 398	10 456	10 536	10 589	10 677	10 744	10 812	10908

Tabell 1: Utvikling av folkesetnaden frå 2011-2019 på Sunnmøre. SSB, 2019.

Nærmaste kommune er Volda som har hatt ein auke på 542 innbyggjarar før kommunesamanslåinga med Hornindal. Samstundes har nærkommunar som Sande og Vanylven hatt nedgang i folketalet sidan 2011. Tala kan tyde på at Ulstein kommune byrjar å forme seg til eit regionalt senter for Ytre-Søre på Sunnmøre.

Om ein ser på folketalsutviklinga innad i kommunen, kan vi sjå at det er skilnad innan kommunen også.

Folketalsutvikling i Ulstein kommune

Nedgang

Vekst

Grunnkrets		Folketal		
Nummer	Navn	2019	Endring frå 2009	Endring frå 2014
15160101	Flø	182	17	7
15160102	Hatløy	1	-9	-2
15160103	Ulstein	278	27	7
15160104	Skeide	271	-13	3
15160105	Osnes Nedre	402	93	-89
15160106	Ulsteinvik	522	244	153
15160107	Hofset	995	286	214
15160108	Holsekre Nedre	493	201	70
15160109	Holsekre Øvre M/Hofsetmarka	1183	60	66
15160110	Osnes Øvre	1052	191	61
15160111	Saunes	556	142	58
15160201	Dimna	340	62	52
15160202	Sundgot	1000	153	-24
15160203	Hasund	481	46	-5
15160204	Garnes	83	-1	-10
15160205	Haddal	419	22	-18
15160206	Eikesund	292	-12	-24

Når ein fokuserer på endring i folketalet kan ein dele endringane opp i tre ulike faktorar som skildrar status i folketalsutviklinga

Fødselsbalanse: Differansen mellom talet på fødde og avlidne.

Netto innvandring: Talet på innvandrar minus talet på personar som har flytta frå kommunen til utlandet.

Innanlands flyttebalanse: Differansen mellom talet på personar som flyttar inn i kommunen frå andre deler av landet og talet som flyttar ut.



	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Fødselsoverskot	63	51	58	78	39	34	12	65	53	30	31	36	41	58	16	68	33
Nettoinnflytting, innenlands	-31	-28	-72	-104	-63	-45	-41	-19	46	-36	-54	-38	8	-35	-121	-70	-58
Nettoinnvandring	30	17	50	42	49	116	136	365	191	82	124	165	138	111	130	100	79
Endring i folketal	57	40	34	18	28	105	106	409	290	77	99	165	200	138	27	98	54

Figur 1: Folketalsutviklinga delt inn i kategoriar. Møre og Romsdal fylkeskommune, 2019.

3.2 Innanlandsflytting

Funn frå Telemarksforsking viser at netto innanlandsflyttebalanse er avgjerande på lang sikt. Regionar som har innanlandstilflytting får ei yngre befolkning og dermed også fødselsoverskot, medan utflytting fører til at befolkninga vert eldre med påfølgande fødselsunderskot. Innvandring har betyding på kort sikt, men innvandrarar er langt meir mobile enn folk elles. Det som er avgjerande for at ein region skal vere attraktiv for ein innvandrar, er arbeidssituasjon, tryggleik, nærmiljø og familie.

Kommunen har hatt negativ netto innanlandsflyttebalanse i nesten alle år med unntak av 2010 og 2014. Det er fødselsoverskotet og nettoinnvandring frå utlandet som bidreg til auken i folketalet. I 2009 var netto innvandring frå utlandet på heile 365 personer. Innvandrarar flyttar oftare enn andre, og spesielt dei første åra etter at dei er komne til landet. Ein del av dei som flyttar ut av kommunen er truleg personar som har innvandra og reist vidare. Den høge innvandringa er difor litt av årsaka til at kommunen har hatt negativ innanlands flyttebalanse. Ein anna årsak er at Ulsteinvik dei seinare åra har vorte ein attraktiv bustadmarknad, både for andre deler av kommunen og nabokommunane. Dette medfører at Ulstein kommune får mykje intern flytting og litt lokal innlandslandsflytting frå nærområda.

3.3 Alderssamansetnad

Figuren under viser korleis dei enkelte årsklassene i folkesetnaden varierer. Aldersfordelinga i eit område reflekterer for ein stor del den historiske demografiske utviklinga, men også framskrivinga. Det er spesielt flyttestraumen som over tid visest i aldersstrukturen. Figuren viser åra 2000, 2019 og framskriving av folketalet i Ulstein kommune til 2030.

Det som kjem fram i Ulstein kommune er at det er generell vekst i alle aldersgrupper, men nokre grupperingar skiljer seg ut. Folketalspyramiden viser at aldersgruppene 20-24 og 25-29 er meir mobile, noko som påverkar framskrivinga. Frå 30-39 tek talet seg opp igjen, noko som står i samsvar med at dette gjerne er personar i etableringsfasen. Indikasjonane viser at kommunen har eit overskot i aldersgruppene 3 til 20 år og aldersgruppene 35 til 45 år. Det er underskot i alle alderstrinn over 55 år, jamført med det totale folketalet. Dette er positivt for kommunen, ettersom eldrebølga ikkje vil påverke Ulstein kommune i like stor grad som nabokommunene.



Figur 2: Folketalspyramide, Møre og Romsdal fylkeskommune, 2019.

Folketalspyramiden viser at Ulstein har ei yngre befolkning enn nabokommunene. Ein årsak til dette er at mange flytter vekk i 20 års-alderen for å ta utdanning, men mange vel å flytte heim igjen etter utdanninga, med partnar. Dette medfører at Ulstein kommune har ei positiv utvikling i fødselsoverskotet jamført med andre kommuner på Ytre-Søre. Ein annan årsak er at Ulstein har ein høg andel innvandrarar, der mange av desse er unge.

Gjennomsnittsalderen i Ulstein kommune er aukande, noko som er likt i fylket og landet elles. Likevel skil Ulstein seg ut ved at gjennomsnittsalderen aukar særs sakte jamført med andre kommuner i regionen. Årsaka til dette er ein kombinasjon av innvandring, arbeidsinnvandring og innlandsflytting.

3.4 Innvandring



Figur 3: Gjennomsnittsalderen i Ulstein kommune, kommuneprofilen, 2019.

Noko som er unikt for Sunnmøre er den store arbeidsinnvandringa til regionen grunna den maritime næringa . I 2019 var 16,97 % av folket i Ulstein kommune innvandrarar eller born av innvandrarar. Dette er litt lågare enn landsgjennomsnittet på 17,72%, men over fylkesgjennomsnittet på 13,2%. Arbeids-innvandring er ein stor ressurs for næringslivet i Ulstein kommune og bidreg til auka verdiskaping, ein effektiv arbeidsmarknad, tilgang på kompetent arbeidskraft og fremmar mangfald og fellesskap i lokalsamfunna. Om lag ni av ti løyver til arbeidsinnvandring vert gitt til personar frå EØS/EFTA-området. Dei fleste kjem i frå Norden, Polen og Baltikum.



Figur 4: Innvandring i Ulstein kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, 2019.

3.5 Kjønnsbalanse

Ulstein er ein av få kommuner som opplever både fødselsoverskot, overskot i innanlandsflytting og innvandring. Denne utviklinga i folkesetnaden er viktig for framtidig utvikling av gode tenestetilbod. Auken i folketalet har ført til ei skeiv utvikling av

kjønnsbalansen i kommunen. I 2018 var det 90,7 kvinner i aldersgruppa 30 til 39 år per 100 menn i Møre og Romsdal, medan det i Ulstein var 81,6 kvinner per 100 menn.



Figur 5: Kjønnsbalansen i Ulstein kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, 2019.

For Ulstein kommune må tala sjåast i samsvar med arbeidsinnvandringa som er høg i kommunen. Dei som innvandrar til kommunen er ofte unge menn som har arbeid på skipsverfta. Ulstein kommune har over fleire år arbeidd med likestillingsproblema i kommunen. Ein ser ei viss endring ved at fleire kvinner no arbeider i tidlegare mannsdominerte yrke. Dette kan vere avgjerande for å endre kjønnsbalansen i kommunen og bidra til å utvikle ein meir samansett folkesetnad over tid.

3.6 Utdanningsnivå

Ulstein kommune har tradisjonelt vore ein industrikommune. Noko som lenge har prega utdanningsnivået i folkesetnaden. Sjølv med aukande arbeidsinnvandring er det ein kraftig vekst av høgt utdanna innbyggarar i kommunen. Dette kan sjåast i samanheng med utviklinga av det maritime kompetansemiljøet i regionen, auka satsing på utdanning samt høgare forventningar til befolkninga frå samfunnet generelt. Betre kommunikasjonar har også ført til at det er attraktivt å bu i Ulstein kommune og pendle til nabokommuner som Ålesund.



	Grunnskule	Vidaregåande skole	Universitet og høgskule, kort	Universitets og høgskule, lang
Kvinner, 2000	32 %	48 %	19 %	1 %
Menn, 2000	27 %	53 %	17 %	4 %
Kvinner, 2017	25 %	38 %	31 %	6 %
Menn, 2017	23 %	50 %	20 %	7 %

Figur 6: Utdanningsnivået i Ulstein kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, 2019

3.7 Framskriving

Framskrivinga syner at Ulstein kommune endå vil ha ein fortsatt vekst i folketalet. Framskrivinga frå Møre og Romsdals fylkeskommune viser at kommunen vil nærme seg 10 000 innbyggarar i 2030.



Figur 7: SSB sine framskrivingsalternativ MMMM (hovudalternativ) og MMM0 (ingen nettoinnvandring) ligg til grunn for framskrivingane.

Med fleire innbyggarar vil statlege overføringar til Ulstein kommune auke. Dette vil gagne lokalsamfunnet og dei kommunale sektorane. Ulstein kommune har i dag den yngste folkesetnad på Ytre-Søre. Framskrivinga viser at gjennomsnittsalderen vil auke gradvis mot 2030, men ikkje signifikant. Dette er særs positivt og ein stor fordel ettersom den forventa

eldrebølgja vil kome seinare til Ulstein kommune, noko som gjev tid til førebuande handlingsrom. Det er noko usikkert om innvandrarane til Ulstein kommune vil utgjere ein like stor andel framover. Arbeidsinnvandringa er særs avhengig av verftsindustrien, ei næring som er i dag er inne i omstrukturering. Eit tydleg punkt er at utdanningsnivået i folkesetnaden vil auke. Dette er både positivt og negativt etter som det kan skape eit større klasseskilje i befolkninga. Samstundes kan det verte vanskeleg å skape nok arbeidsplassar med behov for høg kompetanse.

4.Sysselsetting og næringsutvikling.

Auke i talet på arbeidsplassar er ofte eit mål i seg sjølv, men har også tradisjonelt vore eit viktig verkemiddel for å få ein berekraftig auke i folketalet. Dersom ein ser på utviklinga i talet på arbeidsplassar dei siste 10 åra, har Ulstein kommune vore del av ein omstruktureringsprosess. Dette ser ein tydeleg gjennom arbeidsplassar i industrien. I 2012 var 40,5% av innbyggarane i Ulstein sysselsette i industri. I 2019 er talet redusert til 31% . Grunna resesjon, oljekrise og offshorekrise har den tradisjonelle industrinæringa i Ulstein opplevd nedgang. Dette har vore ein utfordrande periode for sysselsettinga i Ulstein Samstundes har det også ført til stor usikkerheit for dei store verksemdene i kommunen.



Figur 8: Sysselsette personar (arbeidsplassar) etter næring i Ulstein kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, 2019.

Hovudnæringa i Ulstein er maritim industri. Dei maritime industriverksemdene her er ein sentral del av den maritime klynga på Sunnmøre. Grunna store svingingar i denne bransjen i 2019-d.d har talet på sysselsette i industrien minka med 1.015 arbeidsplassar i åra etter 2014.

Kommune	Endring i antallet sysselsatte (2014-2018)	Prosent
Hareid	-135	-6,6 %
Herøy	-134	-3,2 %
Sande	-235	-16,8 %
Ulstein	-1015	-18,4 %
Vanylven	31	2,3 %
Volda	263	6,1 %
Ørsta	-191	-4,0 %
Ålesund	238	0,8 %
Møre og Romsdal	-2592	-2,0 %

Tabell 2: Endring i talet på sysselsette perioden 2014-2017.

Ei anna viktig kjelde til arbeidsplassar i Ulstein er helse- og sosialtenester, ei næring som truleg vil vekse framover med tanke på den demografiske utviklinga. Varehandel er den tredje største grupperinga av sysselsette i Ulstein og er ei næring med forventa vekst. Den er også særs utsett for konjunktursvingingar. Statistikken viser tydeleg kor påverka Ulstein har vore av konjunktursvingingane i perioden 2014-2018, med 1015 (18,1%) færre sysselsette i kommunen. Jamført med regionen ser ein at Ulstein har den største nedgangen saman med Sande kommune.

Det generelle biletet viser ein region i resesjon, einaste unntaka er Volda og Vanylven der fleire er sysselsette i kommunen. Dette er nødvendigvis ikkje heile biletet av kommunen eller næringsverksemdene som finst i regionen. Dette kan blant anna sjåast i handelsnæringa i Ulstein, som har ekspandert. Sidan 2000 har det kome butikkar til kommunen. Dette har også vore med på å utvikle Ulsteinvik som eit regionalt handelsentrum for nærliggande kommunar.

I Ulstein har arbeidsplassdekninga i perioden 2014 til 2019 minka frå 124% i 2012 til 108% i 2019. At kommunen har høg arbeidsplassdekning bidreg til at kommunen har ein del pendlarar som arbeider i kommunen, men som bur i nabokommunene. Dette gir også indirekte ringverknader på andre næringar i kommunen, som til dømes handel.



Figur 9: Arbeidsplassdekning 2010 og 2018, Møre og Romsdal fylkeskommune

4.1 NHOs næringsNM

NHOs nærings-NM rangerer næringsutviklinga i norske regionar og kommuner basert på ulike kriterium som kompetanse, demografi, arbeidsmarknad, næringsliv og kommuneøkonomi. For kvar indikator vert regionar og kommuner rangert. Rangeringa vert lagt saman, slik at lågast tall gir best resultat. Figuren under viser resultatet for kommunene i Møre og Romsdal.

Når ein går djupare inn i resultatet, ser ein at Ulstein kommune ligg godt over landsgjennomsnittet og til tider innom topp-10 på landssnittet. På fylkesnivå ligg Ulstein langt over dei fleste kommuner på Sunnmøre.

Indikator	Rangering fylke - M&R	Rangering Noreg
Totalt	**2**	**23**
Næringsliv	**4**	**20**
Næringsvariasjon	*25*	*331*
Inntektsnivå	*6*	*69*
Sysselsatte i privat sektor og offentlige foretak som andel av total antall sysselsatte, prosent.	*1*	*6*
Kommunens kjøp av private tjenester som andel av driftsutgifter	*1*	*12*
Arbeidsmarked	**8**	**83**
Sysselsettingsandel	*9*	*71*
Sykefravær: Tapte dagsverk på grunn av egen sykdom i prosent av avtalte dagsverk.	*14*	*160*
Uføre	*2*	*17*
Arbeidsledige	*33*	*400*
Demografi	**5**	**90**
Befolkningsvekst	*6*	*87*
Unge vs eldre, innbyggare 26 - 35 år som andel av innbyggere 56 - 65 år	*6*	*70*
Nettoinnflytting	*21*	*265*
Kompetanse	**5**	**54**
Sysselsatte med utdanning på universitets- og høyskolenivå over 4 år	*9*	*150*
Sysselsatte med bestått fagprøver som høyeste utdanningsniv	*28*	*292*
Andel sysselsatte med teknisk og naturvitenskapelig utdanning (opptil 4 år	*2*	*10*
Kommuneøkonomi	**4**	**44**
Administrasjonsutgifter per innbyggar	*17*	*163*
Eigedomsskatt frå næringseiendom i gjennomsnitt per sysselsatt:	*1*	*1*
Kommuneinntekt	*3*	*50*
Kommunal bet.evne: Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter.	*26*	*332*
Aldring - Befolkningen over 80 år i prosent av befolkningen i yrkesaktiv alder 20 år frem i tid.	*1*	*39*

Tabell 3: NHO Kommune NM, Næringslivets Hovedorganisasjon, 2019

4.2 Etableringar

I Ulstein var det i 2018 registrert 645 føretak, derav 91 nyetableringar. Dette gir ein etableringsgrad på 11 per 1000 innbyggarar. Dette er over snittet samanlikna med fylket (9 per 1000 innbyggarar), men litt under landssnittet på 12 per 1000. Nyskaping er ikkje ei oppgåve som kun fell på næringslivet eller einskildpersonar, men er også viktig for det offentlege. Ulstein kommune vedtok i 2019 ein eigen nyskapingsstrategi *«Fire steg på ein ny*

veg». Formålet er å løfte nyskapingsarbeidet i kommunen slik at vi kan få meir breidde i næringane. Gjennom nyskaping kan kommunen verte betre budd på konjunktursvingingar i marknaden samt utvikle nye næringsverksemder i kommunen.

Ulstein kommune har siste åra satsa på digitalisering, gjennom teknologiskulen og bruk av velferdsteknologi. Målet med prosjektet Skaparhuset er ei unik samansmelting mellom skule, næringsliv og offentleg sektor, der ein saman kan løyse utfordringar og skape nye innovasjonar basert på teknologiske og digitale løysingar. Prosjektet er basert på samskaping mellom offentlege og private partar der ein inngår i eit likeverdig samarbeid. Samskaping er difor ein ressurs som kan løyse utfordringar i nærmiljøet.

4.2 Bruttoinntekt



	Totalt	17-34 år	35-66 år	67 år eller eldre
Ulstein, 2010	305 300	195 000	402 500	216 800
Ulstein, 2017	381 500	210 700	485 700	296 000
Møre og Romsdal, 2010	305 700	195 300	383 300	212 900
Møre og Romsdal, 2017	378 000	235 000	482 500	293 100

Figur 10: Median bruttoinntekt, 2010 og 2017, Møre og Romsdal fylkeskommune, 2019

Frå 2010 fram til 2017 har median bruttoinntekt utvikla seg positivt med vekst i alle aldersgrupper. Likevel bør ein vise aktsemd ettersom aldersgruppa 17-34 år har hatt ein særskilt liten vekst jamført med andre grupperingar. Ulstein kommune har i dag høgare median bruttoinntekt enn fylkeskommunen, men ligg under landsgjennomsnittet.

4.3 Framskriving

Det er fleire grunnleggande element som er viktig for nærings- og arbeidsplassvekst i ein kommune. Telemarksforskningsmodellen bygger på tre faktorar som vil påverke arbeidsplassvekst: næringsattraktivitet, bustadsattraktivitet og besøksattraktivitet.

Basert på forsking er det vanleg innan offentleg næringsstrategi for urbane strøk å arbeide for ei næringsutvikling som over tid inneber auke i talet på arbeidsplassar tilsvarande halvparten av folketalsauken. For Ulstein betyr det at antalet arbeidsplassar må auke med 550 fram til 2030. Det tilsvarer 55 nye arbeidsplassar kvart år.

Ettersom verftsindustrien og andre aktørar gjennomgår ei omstrukturering, er det vanskeleg å sjå om dette er realistisk innan den maritime næringa. Om folketalsauken held fram utan at det vert skapt nye arbeidsplassar i Ulstein eller regionen, kan det medføre høgare arbeidsløyse. Men det kan også gje rom for nyetablering og vekst. Likevel er det klart at kommunen gjer det særs bra på nyetablering og at det er skaparvilje blant innbyggarane. Målet er at dette skal resultere i nye arbeidsplassar og auke mangfaldet i næringsstrukturen i kommunen. Som igjen kan vere med på å gjere næringslivet mindre sårbart mot konjunktursvingingar.

5.0 Oppvekst

Ulstein kommune er og skal vere ein god og trygg stad å vekse opp i. I tråd med kommunen sine grunnverdiar er den pedagogiske plattformen *«Saman om meistring og mangfald»* gjeldande for området. Forventningane til den oppveksande slekt er prega av eit arbeidsliv med høge kompetansekrav, samstundes som det skal vere plass og bruk for alle.

Kommunen har saman med Høgskulen i Volda, opna opp for teknologisatsing i skuleverket gjennom Ulstein-modellen. Satsinga har tilført personalet ny kompetanse, samtidig som elevanene får opplæring i koding og bruk av teknologi i alle fag.

Ulstein har per 2019 fem grunnskular; barneskulane Ulstein, Ulsteinvik, Hasund og Haddal, og Ulstein ungdomsskule. Skulebygga er av relativt ny dato, held høg standard, og er såleis tenlege til varierte arbeidsmåtar for å nå kompetansemåla. Barneskulen i sentrum er for liten i høve barnetalet, og arbeidet med å utvide arealet er påbyrja. Bygginga av Ulstein Arena har tilført kommunen gode lokalitetar for symjeundervisning, gym/fysisk aktivitet og bibliotek. Som eit ledd i Folkehelseplanen er det siste åra satsa på uteområda ved skulane, samt at det er lagt til rette for bruk av naturen i skulane sitt nærområde.

Elevtalet i Ulstein har vore jamt stigande fram til om lag 2016. Skuleåret 2019/2020 er det 1.121 elevar i skulane i Ulstein. Ulstein har ei ung befolkning, og det er såleis eit stort tal grunnskuleelevar i høve folketalet i kommunen. Kostnad per elev i Ulstein ligg om lag på landsgjennomsnittet.

Elevtalet går noko ned i ein periode no, men prognoser viser at talet igjen er stigande fram til 2030 (sjå figur).



Figur 11: Barn og ungdom, 1986-2019 og framskriving til 2030. Møre og Romsdals fylkeskommune, 2019.

Undersøkingar og prøver viser gode resultat både når det gjeld måloppnåing i fag og på læringsmiljø i skulane i Ulstein, der ein jamt over ligg nå nivå med, eller over, land, fylke og samanliknbare kommunar. I samarbeid med Høgskulen i Volda, har kommunen utvikla ein modell for teknologisatsing, kalla '*Ulsteinmodellen*". Satsinga har tilført personalet ny kompetanse, samtidig som elevane får opplæring i koding og bruk av teknologi i alle fag. Gjennom fleire år har skulen hatt eit godt samarbeid med arbeidslivet, og det er signert samarbeidsavtalar med nøkkelverksemder der både bedriftsbesøk og bidrag til ungdomsskulen sitt innovasjonsprosjekt inngår.

Interkommunalt samarbeid på oppvekstsektoren er formalisert gjennom 'Sjustjerna-samarbeidet'. Samarbeidet som gjeld både barnehage- og skulesektoren har fokus på leiaropplæring, fagfornyinga i grunnskulen og andre nasjonale satsingsområde.

Arbeidet med elevane sitt skulemiljø har fått auka aktualitet i samband med nulltoleranse mot mobbing, den såkalla §9A- satsinga. Elevundersøkinga og UNG-data tyder på lite mobbing og stor trivsel i Ulsteinskulen.

Skuleåret 2019/2020 er det 222 elevar som nyttar seg av skulefritidsordning (SFO). Dei fleste av desse er elevar på 1. og 2. trinn. På 5.klasse-steg tilbyr også skulane leksehjelp, som er ei frivilleg ordning etter skuletid.

Avdeling for inkludering og mangfald (IMU) omfattar vaksenopplæring, introduksjonsprogram for flyktningar, samt flyktningkontoret. Kommunen tek imot flyktningar i samsvar med talet på førespurnad frå Integrerings- og mangfaldsdirektiratet (IMDi). Tal på busettingar er no på om lag 15 personar årleg, med familiesameining i tillegg.

Det er åtte barnehagar i Ulstein, der ein av desse er kommunal. I tillegg har Ulstein sokn ein open barnehage som gir eit tilbod til barn og føresette nokre timar per veke. Alle med rett til

barnehageplass har fått oppfylt retten sin i Ulstein. Hausten 2019 er det i alt 477 barn i barnehagane, 190 under tre år og 287 over tre år. I dette talet er 16 born med barnehageplass frå asylmolttaket ikkje rekna med, da dei ikkje inngår i rapportering pr.15.12.2019. Om asylsmottaket vert opna igjen våren 2020, er det sannsynleg at barnetalet for asylborn i barnehage vil auke igjen.

Talet på barn 0-5 år har vore nokså stabilt i perioden 2011-2019 (sjå figur), største veksten ser ein i sentrumskrinsen. Prognosen i fig.1 viser at det vil vere om lag 600 barn med rett til barnehageplass i 2030, altså om lag 20 barn meir enn i dag.



Figur 12: Barn 0-5 i Ulstein kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, 2019

Krets Nord: Flø, Hatløy, Ulstein, Skeide
Krets Sentrum: Osnes Nedre, Ulsteinvik, Hofset, Holseker Nedre, Holseker Øvre, Osnes Øvre, Saunes
Krets Sydvest: Dimna, Sundgot, Hasund, Garnes, Haddal, Eiksund

Alle kommuner skal ha ei PP-teneste. Ulstein er vertskommune for Interkommunalt PPT som femner om kommunane Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein. PP-tenesta skal hjelpe barn, elevar, lærekandidatar, lærlingar, praksisbrevkandidatar og vaksne med behov for særskilt tilrettelegging. Hensikta er at desse får et inkluderande, likeverdig og tilpassa pedagogisk tilbod. PP-tenesta skal også hjelpe barnehagar og skular med å legge til rette for barn og elevar med særskilte behov. Rådgiving om kompetanseheving og organisasjonsutvikling er ein viktig del av dette arbeidet. Satsinga 'Tidleg innsats' har tilført kommunane midlar for auka lærartettleik, først for 1. – 4.steg, seinare for 1. – 10 steg. Styrkinga har fokus på kartlegging og tiltak mot lærevanskar, og særleg i lese- og skriveopplæringa.

5.1 Framskriving

Framskrivinga visar at Ulstein kommune sitt elev- og barnehagetal vil minke litt dei nærmaste åra men vil auke igjen etter ei kort tid. Ei utfordring framover vil vere å heve kompetansen, vedlikehalde samt rekruttere nye pedagogar. Prognosene viser at behovet for skular og barnehagar vil vere i krinsane sentrum og nord: Flø, Hatløy, Ulstein og Skeide grunna dagens og framskrive busettingsmønster. Interkommunalt samarbeid vil truleg påverke oppvekstsektoren i større grad i framtida.

6. Helse og omsorg

Eit viktig område for Ulsteinsamfunnet er helse- og omsorgsetaten, som legg vekt på gode tenester slik at kommunen har det beste utgangspunktet for å møte innbyggarane sine helseutfordringar. Dette er utfordringar som inspirerer, og som vil gjere helse- og omsorgstenestene i kommunen til ein arbeidsplass prega av høg kompetanse og godt samspel, både innan etaten, med andre etatar og spesialisttenesta.

Legetenesta i Ulstein har 10 fastlegeheimlar med til saman 9.660 listeplassar. Sjølv om vi har fått fleire nye fastlegeheimlar siste åra er det likevel ikkje ledig kapasitet på fastlegelistene. Kommuneoverlegen har det overordna ansvaret for fastlegetenesta, legevakta, fysioterapitenesta, psykologtenesta og veterinærtenesta. I tillegg vert det gitt medisinskfagleg rådgjeving og samfunnsmedisinske tenester innan folkehelsearbeid, miljøretta helsevern, smittevern og helseberedskap.

Helsestasjonen har 10,3 stillingsheimlar. Helsestasjonen held til i Reitenbygget og er samlokalisert med jordmor, familievernkontor og foreldrerettleiar. Om lag halvparten av helsearbeidarressursane vert i dag brukt i skulehelsetenesta. På helsestasjonen er det høgt prioritert å arbeide tverrfagleg, og det er etablert faste samarbeidsmøte med mellom anna barnevern, legar, PPT, skular og barnehagar. Helsestasjonen har eit særleg fokus på psykisk helsearbeid blant barn og ungdom. Det vert også lagt særleg vekt på å avdekke og førebygge vald og rus hos gravide og småbarnsforeldre, og kome tidleg i posisjon for å kunne tilby foreldrestøttande tiltak til dei som treng det.

Kommunen har seks driftsavtalar med fysioterapeutar, fem ved Ulstein fysikalske institutt og to med arbeidsplass ved Alvehaugen/Ulshaugen. Utover behandling av enkeltpasientar, driv fleire av fysioterapeutane med gruppetreningar/behandlingar.

Sjukeheimen er organisert i fem grupper à åtte personar. Tre grupper er langtidsplassar for demente, og to grupper er reserverte til avlastning, rehabilitering og pleie og omsorg ved avansert kreftsjukdom. Eitt rom på korttidsavdelinga er avsett til øyeblikkeleg hjelp. Vi har sidan oppstart lagt vekt på at vi skal vere klare til å ta imot alle utskrivingsklare pasientar. Gjennom dette arbeidet har vi også vidareført satsinga på kvardagsrehabilitering, dvs. rehabilitering i brukaren sin eigen heim. På sjukeheimen vert det lagt stor vekt å vidareutvikle velferdsteknologiske tiltak. I tillegg har ein fokus å styrke trivsel og tryggheit i kvardagen for brukarane gjennom endra turnus og prosjektet heiltidskultur.

Heimetenestene omfattar, i tillegg til heimesjukepleia, omsorgsbasane på Alvehaugen og Ulshaugen, og fire samlokaliserte bustader for menneske med utviklingshemming. For begge omsorgsbasane ser vi at fleire av dei som no flytter inn, har større omsorgsbehov enn kva fleirtalet av bebuarane i desse omsorgsbustadane hadde for nokre år tilbake. Talet på brukarar har auka dei siste åra, grunna kortare liggetid på sjukehus.

Fleire av brukarane har alvorlege somatiske helseproblem. Ein del har funksjonshemmingar som krev store ressursar frå omsorgsetaten si side. Det vert også kvart år sett av store ressursar til behandling ved livets slutt. Heimetenestene har hatt stor nytte av

kreftkoordinatorstillinga. Denne vert nytta i alle avdelingar som har kreftpasientar, og har ført til kvalitetsheving når det gjeld omsorgstilbodet til kreftsjuke og deira pårørande.

Ulstein kommune satsa tidleg på omsorgsbustader og tilpassa aldersbustadar. Dei første bueiningane vart bygt på 1960-talet. Fleire av bueiningane på Ulshaugen oppfyller ikkje lenger krava til ein omsorgsbustad. Det er så høge kostnader knytt til oppgradering av desse leilegheitene til dagens standard at det vil vere ei betre løysing å nytte dei til andre føremål. Mellom anna vert åtte av dei eldste bueiningane ved Ulshaugen no omgjort til kontor og fellesareal. I alt 24 bueiningar må erstattast gjennom nybygging. Vi har i fleire år hatt stor etterspurnad etter omsorgsbustader. I 2012 starta vi planlegging og prosjektering av nye omsorgsbustader i Holsekerdalen og Sjøsida, og desse er no ferdigstilte og tekne i bruk. I Holsekerdalen er det no 39 nye bueiningar og ved Sjøsida 14 nye bueiningar.

Erfaring har vist at auken i brukarar av heimetenestene i hovudsak er knytt til aldersgruppa under 67 år. Helseproblemet som har auka mest er psykiske helseproblem og rusproblem. Dette viser seg også i at den kommunale psykiatritenesta har registrert ein stor auke i talet på saker. Psykiatritenesta har Skollebakken aktivitetshus som base for mange av sine aktivitetar.

Koordinerande eining har som hovudoppgåve å sikre at brukarar med behov for koordinerte tenester får eit samordna, tverrfagleg og heilskapleg tilbod. Dei viktigaste oppgåvene er å registrere rehabiliteringsbehov, sikre brukarperspektivet og skape ei felles forståing for kva habilitering/rehabilitering det er behov for. Den koordinerande einings skal ha oversikt over ansvarsgrupper i kommunen, sjå til at medlemene der har nødvendig kompetanse, og elles vere pådrivar for kompetanseheving innan rehabilitering. Einings har nært samarbeid med brukarorganisasjonane.

Ved dagavdelinga på Alvehaugen vert det gitt aktivitetstilbod til brukarar som bur heime, på sjukeheimen og i omsorgsbustadene. Avdelinga har siste åra satsa stort på aktiv omsorg. Denne satsinga inneber nært samarbeid med andre etatar og organisasjonar. Kapasiteten på Alvehaugen har vorte styrka ved at lokale som vert nytta er utvida og tilbodet er lagt betre til rette.

Det er bygt eit nytt bygg i Holsekerdalen som i dag er base for Ulstein sanse- og aktivitetssenter som gir tilbod på dagtid for funksjonshemma. Kjøkenet på Alvehaugen har ansvar for produksjon av varmmat til heimebuande, samt kafeen på Alvehaugen. Ambulerande serviceteneste har ansvar for matombringing, hente medisin frå apotek, transport til og frå dagplasstilbod, vedlikehald av hjelpemiddel og ein del førefallande vaktmeistertenester. Vaskeriet har ansvar for vask og stell av alt utstyr på sjukeheimen, herunder arbeidsklede for tilsette ved omsorgsetaten, samt vask av pasienttøy for brukarar i omsorgsbustadene.

Barneverntenesta i Ulstein er i dag organisert som ei interkommunal teneste. Den er samlokalisert i Volda kommune og administrativt og personalmessig leia derifrå. I Ulstein har talet på nye barnevernsaker dei siste åra vore høgt (100-110 saker). Barnevernet har også mange born som dei har ansvar for grunna omsorgsovertaking. Samstundes legg barnevernet stor vekt på å vere eit førebyggande tilbod til born og foreldre som har det vanskeleg. Slik bistand kan vere rettleiing og avlastande tiltak.

Hovudmålet for NAV lokalt er oppfølging for arbeid og aktivitet. Nav Ulstein og Hareid er samla i ein interkommunal organisasjon. Det er vedteke at denne også skal omfatte NAV-tenester til innbyggarane i Sande kommune. Planen er at dei tre avdelingane skal samlokaliserast i Hareid kommune. Kommunale tenester ved NAV er opplysning, råd og rettleiing for å løyse eller førebygge sosiale problem, stønad til livsopphald, stønad i særlege tilfelle, mellombelse butilbod og Kvalifiseringsprogrammet.

6.1 Framskriving

Talet på brukarar har auka og oppgåver som tidlegare var sjukehusansvar vert overførte til kommunane. Talet på eldre og brukarar med spesielle behov er aukande, og i etaten er det behov for fleire omsorgsbustader. Ulstein har satsa på velferdsteknologi for å gi brukarane betre tenester. Gjennom teknologiske løysingar får brukarane assistanse til å auke eigenmeistring, samfunnsdeltaking og livskvalitet.

11668: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter statistikkvariabel og år. Ulstein, 67 år og eldre.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Figur 13: Framskrevet folkemengde Ulstein 67 år og eldre

Grunna redusert liggetid på sjukehus , har Ulstein kommune som visjon å vere rusta til å ta imot utskrivne pasientar fortløpande. Dette vert gjort gjennom hjelp frå heimesjukepleie eller plass i omsorgsbustad. I 2012 starta prosjektering av nye omsorgsbustader i Holsekerdalen og Sjøsida. I Holsekerdalen er det no 39 nye bueiningar og ved Sjøsida 14 nye bueiningar. Likevel registrerer kommunen at det er større behov for omsorgsbustader no enn tidlegare, noko som fører til press på eksisterande bustader. Dagtilboda på Alvehaugen vert alt brukt av fleire. Dette gjeld også avlastningsplassane for pasientar. Både på Alvehaugen og Ulshaugen er det registrert at fleire av dei som no flytter inn, har større omsorgsbehov enn kva fleirtalet av bebuarane i desse omsorgsbustadene hadde for nokre år sidan.

Framskrivinga for helse og omsorgsområdet viser eit område i stor endring. Området er utpeika som eitt som vil endre seg i framtida. Regjeringa har gjennom diverse stortingsmeldingar signalisert at velferdsteknologi og auka levealder vil gje nye utfordringar og moglegheiter. Dette stadfester også den minska liggetida på sjukehuset, der ansvaret går frå stat til kommune; noko som aukar behovet for omsorg. Aldersgruppa 18-49 år er ei gruppe som vil ha behov for meir ressursar. Talet på brukarar i årsgruppe 80-89 og 90+ vil truleg auke og vere med på å legge meir press på omsorgstenesta. Difor er det viktig at helse og omsorg får dei naudsynte ressursane til å handtere framtidige utfordringar og vedlikehalde den gode kompetansen. Tettare og auka samarbeid mellom kommunene vil truleg også påverke helse og omsorgsområdet.

7. Klima, miljø og arealbruk

Samlokalisering, berekraftig byutvikling og grøne arealstrategiar er med på gjere kommunen meir klimavenleg og klimasmart. Kommunen har i peiorden 2017-2019 hatt ein nedgang av klimagassutslepp på 15%. Berekraftig byutvikling handlar også om fortetting av sentrumsnære område og bygging av arealeffektive bustadar. Ulstein kommune arbeider aktivt med å effektivisere og samlokalisere offentlege tenester. Dette sparer kommunen utgifter samstundes som det forenklar kvardagslivet til innbyggarane. Privat-offentlege samarbeidsprosjekt er positivt både for det offentlege og det private, kulturhuset Sjøborg/Quality Hotel Ulstein er eit døme på dette.

7.1 Bustader

Fylkesstatistikken for 2019 syner at vi bur tettare saman. I følgje tal frå januar 2018 budde 81,6 % av innbyggarane i Ulstein i tettbygde strøk.

I perioden 2014-2018 vart det fullført 422 bustader i Ulstein. 181 av dei var einebustader, 115 var rekkehus m.v. og 69 var blokker m.v. Berre Molde og Ålesund fullførte fleire bustader enn Ulstein.

Tal frå SSB viser at det har vore ein jamn auke i åleinebuande personar i Ulstein frå 2014 og fram til i dag.

I Møre og Romsdal var gjennomsnittleg areal på bustader i tettbygde strøk 119 kvm i 2017, 13 kvm meir enn gjennomsnittet i landet, som er 106 kvm. Ettersom vi blir fleire eldre framover, vil truleg talet på åleinebuande halde fram med å auke, medan bustadarealet kan minke. I Ulstein er det difor påbyrja fleire prosjekt som er arealeffektive og med minska bueiningar for å møte denne trenden.

	Personer i privathusholdninger					
	2014	2015	2016	2017	2018	2019
1516 Ulstein						
Aleneboende	973	1 043	1 088	1 126	1 152	1 185
Husholdninger med barn (yngste barn 0-17 år) 1 barn	1 288	1 323	1 326	1 344	1 378	1 463
Husholdninger med barn (yngste barn 0-17 år) 2 barn	1 599	1 638	1 694	1 718	1 685	1 570
Husholdninger med barn (yngste barn 0-17 år) 3 barn eller flere	1 260	1 312	1 285	1 160	1 217	1 225
Andre husholdninger 2 personer	1 696	1 714	1 784	1 882	1 926	1 968
Andre husholdninger 3 personer eller flere	827	829	859	862	841	850

Tabell 4: Personar i privathushaldning, SSB, 2019

I samfunns- og arealdelen av kommuneplanen er det vidare fokus på tettstadsutvikling, fortetting og sentrumsutvikling.

7.2 Sentrumsutvikling

Ulstein kommune er godt kjende med sambruk av bygg. Sjøborg kulturhus med kinosal og kultursal deler areal med Quality Hotel Ulstein. Ulstein Arena har Ulsteinbadet, idrettshall, klivrehall og bibliotek. Ved Høddvoll er det bygt leilegheiter inntil fotballbana. Dette ønskjer kommunen å halde fram med, samt vidareutvikle, særleg for funksjonane innan helse- og omsorg. Modellen er synleggjort i Meld. St. 15 Leve hele livet:

> *«Kan sjukeheim og nye omsorgsbustadar etablerast slik at dei blir ein integrert del av sentrumsmiljøet? Gjerne med felles møteplassar og naboskap på tvers av generasjonar og funksjonar. Integrering i øvrig bumiljø, samlokalisering med anna verksemd og sambruk av lokalar, legg grunnlag for gjensidig utnytting av ressursar, felles aktivitetar, uformelle møter og sosial omgang. «*

Dette kan vere samlokalisering av offentlege funksjonar, næringsliv, eller kulturbygg og nærmiljøsenter med felles kjøkken, kantine og lokale for fysisk, sosial og kulturell aktivitet, som gir lett tilgjengelegheit og moglegheit for gode felles møtestadar. Samlokalisering av sjukeheimsplassar og omsorgsbustadar med andre bustadbygg, for eksempel integrert som del av bustadblokk i bymiljø eller bustadfelt i eit kommunesenter, gjer det mogleg med felles investeringar i godt tilrettelagte utemiljø, anlegg og fellesareal.

Mange stader vert det bygd leilegheiter på toppen av kjøpesenter med lett tilgang til handel og service. Det gir lett tilgjengelegheit til butikkar, service og transport, og gode møtepunkt for familie og pårørande som kan kombinere ærend og innkjøp med besøk av bebuar. Nokre stader kan omsorgsbygga tilby lokalitetar, service og aktivitetar til lokalmiljøet. Andre stader kan det vere motsett, slik at bebuarar i omsorgsbustadar og sjukeheim kan nytte felles anlegg, tenester og aktivitetstilbod saman med andre.

7.3 Aldersvenleg samfunn

Ulstein kommune er ein del av nettverket *aldersvenleg lokalsamfunn* og arbeider aktivt for eit tilgjengeleg og inkluderande miljø som fremmar aktiv aldring. Det inneber lokalsamfunn som legg til rette for at ei aldrande befolkning kan få dekt sine primærbehov, delta i aktivitetar og

utvikling, vere mobile og ha sosiale nettverk. I nettverket skal det jobbast med følgande område:

- Universell utforming/utandørsområde og fysisk aktivitet
- Bustad
- Transport
- Samfunnsdeltaking
- Medverknad og kommunikasjon

I tillegg har Husbanken tatt initiativ til eit nettverk kalla *Planar og tiltak for eit aldrande samfunn* der Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Ørsta og Volda kommune er med. Bakgrunnen er at fram til 2040 er det venta ei dobling i talet på personar over 80 år i Noreg. Mange offentlege utval og stortingsmeldingar har konkludert med at pleietrengande i framtida i større grad skal ta imot tenester i heimen og ikkje på institusjon. For å nå denne målsettinga må tilgangen i den eksisterande bustadmassen forbetrast og nye bustader og buområde utviklast slik at fleire kan bli buande heime lenger og motta helsetenester i eigen heim. Formålet med nettverket er å sørge for at kommunane skal bli betre til å møte komande utfordringar gjennom betre bustadplanlegging og andre bustadretta tiltak.

Som eit ledd i utviklinga av Ulsteinvik skal Ulstein kommune påbyrje eit parallelloppdrag i sentrum. Tre arkitektgrupper får i oppdrag å lage konseptskisser for korleis sentrum, Ulshaugen og Holsekerdalen kan utviklast vidare.

Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er det bestemt at det skal utarbeidast ein områdeplan for sentrum. Den eldste reguleringsplanen for sentrum vart vedtatt på 70-talet og den nyaste i 2015. Det er difor mange ulike plankart og føresegner for dette området.

På Ulshaugen eig kommunen mykje grunn og det er her omsorgsbasen til kommunen ligg. Fleire av bygga er eldre og må sanerast.

I 2009 vart detaljreguleringsplanen Holsekerdalen vedteken. Dette området var tenkt regulert til frittliggande og konsentrert småhusbebyggelse. Men i ettertid såg ein at dette området som ligg så pass tett på sentrum, kanskje bør ha høgare utnytting. Det er difor ikkje starta bygging av bustadar der enda. Tanken med parallelloppdraget er å sjå alle desse tre områda samla ettersom dei glir over i kvarandre, i staden for å ha tre enkeltståande planprosessar. Arkitektane skal t.d. ha fokus på berekraftig fortetting, bukvalitet, sambruk og grøn mobilitet.

7.4 Klimautslepp

Over lengre tid har det kome signal og stortingsmeldingar om at kommunen må vere ein aktiv forkjempar for grøne tiltak og utsleppsreduksjon. Frå 2009 til 2017 har det vore ein auke i utsleppa på 25 %. I 2017 hadde Ulstein eit utslepp av klimagassar på 39 430 tonn CO2-ekvivalentar. Dette var ein nedgang på 15,6 % frå året før.

Utsleppa er for Ulstein sin del fordelt på sektorane oppvarming, vegtrafikk, sjøfart, annan mobil forbrenning, jordbruk, avfall og avløp. Alle sektorane har gått ned sidan 2009, bortsett frå sjøfart - som har meir enn dobla utsleppet.



Figur 14: CO2 utslepp Ulstein kommune, miljødirektoratet, 2019.

Sektor	2009	2011	2013	2015	2016	2017
Industri, olje og...	0	0	0	0	0	0
Energiforsyning	0	0	0	0	0	0
Oppvarming	656,8	770,3	489,4	364,2	401,4	394,7
Veitrafikk	16 594,6	16 256,3	15 993,1	15 554,8	14 663	13 201,8
Sjøfart	11 227,2	11 227,2	11 227,2	23 115,6	29 070	23 402
Luftfart	0	0	0	0	0	0
Annen mobil fo...	518,1	724,5	778,3	372	363,1	241,5
Jordbruk	2 013,8	2 067,8	2 035,4	1 907,2	1 847,1	1 859,6
Avfall og avløp	531,4	481,1	424,3	375,4	349,7	331,3
Totalt	31 541,9	31 527,2	30 947,7	41 689,2	46 694,3	39 430,9

Tabell 5: CO2 utslepp Ulstein kommune, miljødirektoratet, 2019.

Fylkesstatistikken fortel at innan transport er sjøfart den klart største bidragsytaren i Møre og Romsdal. Spesielt for Møre og Romsdal og andre kystområde med stor maritim næring, er at ein relativ stor del av transporten går sjøvegen. Innan sjøfart kjem dei største utsleppa i fylket vårt frå passasjerfartøy, etterfølgt av fiskefartøy. Klimagassutsleppa frå sjøfart har gått ned frå 2017 til 2018 i Møre og Romsdal.

Statistikken omfattar dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innanfor fylket sine geografiske grenser. Dette betyr at klimagassutsleppa frå eit fiskefartøy er inkludert i sektoren sjøfart, men berre utsleppa som skjer medan båten køyrer i fylket. Utslepp knytt til produksjon av fartøyet på ulike verft er plassert under sektoren «industri, olje og gass» i dei fylka der verksemdene er fysisk plasserte. Dette vil seie at alle utslepp som blir genererte indirekte gjennom aktivitet i fylket, berre er med på statistikken dersom dei indirekte utsleppa også skjer innanfor fylket sine grenser.

7.5 Framskriving

Framskrivinga viser at Ulstein i framtida vil få eit aukande behov for tilrettelegging av fleire bustader. Truleg vil det kome skjerpa krav til miljø, klima og berekraftig arealbruk, ei målsetting kommunen enklare vil kunne nå grunna dagens satsing på sentrum. Sentrumsplanen og parallelloppdraget vil såleis vere avgjerande for korleis Ulsteinvik kan utvikle seg, samstundes som den vil sette klare rammer for framtida. Arbeidet som vert gjort her, kan legge vidare føringar for arbeidet med byutviklinga. Med aldersprognoser som syner til at vi lever lenger, er prosjekt som «Planar og tiltak for eit aldrande samfunn» og «Aldersvennlige lokalsamfunn» avgjerande for å auke livskvaliteten til innbyggarane. Med å leggje til rette for eldre, legg ein også til rette for barn. Dette bidreg til at Ulsteinvik og kommunen vert meir attraktiv både for unge og eldre å busette seg, samstundes som det bidreg til ein levande by. Det er forventa at auka mangfald av husvere i kommunen, kan påverke noverande arealbruk og bidra til eit skifte frå einebustad til leilegheit.

Dette sparer kommunen store utgifter samstundes som ein gjev bygningane liv gjennom heile dagen. Gjennom slike prosjekt styrker ein næringslivet samstundes som ein sparer kommunen utgifter, og utviklar nye møterom. Eit tettare sentrum vil også føre til at færre har behov for bil, ettersom dei viktigaste fasilitetane ligg i gå-avstand til eigen bustad. Samtidig må kommunen aktivt fremje tiltak for gåande, syklande og kollektivreisande slik enda fleire let bilen stå.

8. Folkehelse og sosial ulikskap.

Sosial berekraft handlar om å skape eit robust samfunn og stimulere og styrke dei ressursane som ligg i lokalsamfunnet. Sosial berekraft er å sikre grunnleggande menneskelege behov, sosial likeverd og rettferdig tilgang til og fordeling av samfunnets goder og byrder, samt trygge og inkludere lokalsamfunn prega av samkjensle. [1]

Helsefremmande og førebyggande arbeid er viktig og krev samarbeid på tvers av tenesteområde og sektorar. Nasjonale mål for folkehelsearbeidet er:

1. Noreg skal vere blant dei tre landa i verda med høgast levealder.
2. Befolkninga skal oppleve fleire leveår med god helse og trivsel og redusert sosial helseulikskap.

[1] Hofstad/Bergsli NIBR 2017: 15 Fokehelse og sosial bærekraft

3. Vi skal skape eit samfunn som fremjar helse i heile befolkninga

Folkehelsemeldinga vil skape eit trygt samfunn og fremme helsevenlege val. Regjeringa løfter fram områda: tidleg innsats for born og unge, førebygging av einsemd, og mindre sosial ulikskap innan helse.

Ser vi på folkehelseutviklinga i Ulstein kommune, har den mange positive indikatorar. Tala frå 2019 viser nedgang i antibiotikabruk, nedgang blant unge med fedme, lite mobbing i skulen og at ungdomen trivst i samfunnet. Likevel ser ein forbetringspotensiale innan rus og psykisk helse. Alkoholbruken blant eldre er aukande og andelen som brukar snus er større enn for fire år sidan. Psykiske vanskar og symptom er aukande i befolkninga, spesielt hos unge jenter. Eit anna faremoment i regionen er aukande barnefattigdom. Barnefattigdom er aukande også på landsbasis, men Ulstein ligg under landsgjennomsnittet. Større sosiale skilnader kan ha ein negativ påverknad på oppveksten til born og unge, samt skape stress for dei vaksne.

8.1 Psykisk helse

Dårleg psykisk helse er eit aukande problem for dagens samfunn. Alt fleire vert råka av dette. Psykisk helse kan definerast som vårt forhold til oss sjølv, til våre nærmaste og ikkje minst til det samfunnet ein er ein del av. Difor omhandlar psykisk helse område som sosial ulikskap og korleis innbyggarane opplever aksept frå og tilhøyring til eit større fellesskap. For kommunen er det viktig å førebygge for ei god psykisk helse, men også vere ein støttande og anerkjennande part.



Figur 15: Primærhelsetenesten - Psykiske symptom og liding, Folkehelse 2019

Ulsteinsamfunnet gjer det generelt betre enn resten av landet på måling av psykiske symptom og liding. Av 1000 innbyggarar er 150 råka av psykiske symptom eller liding. Prosentdelen unge som rapporterer om lettare psykiske helseplager i spørjeundersøkingar er aukande. Nokre meiner at auka individualisering i samfunnet og sterkare prestasjonspress, til dømes i skulen, ligg bak denne utviklinga. Andre meiner at auken kan skuldast større openheit om og

merksemd på slike plager. Forskinga gjev ikkje klare svar på dette. Likevel veit ein at symptom på angst og depresjon er dei vanlegaste plagene blant ungdom. Jenter er meir plaga og oppsøkjer oftare hjelp enn gutar. Konfliktfylte tilhøve i heimen og lita grad av sosial støtte aukar risikoen for slike plager. Psykiske plager som ikkje vert oppdaga eller behandla kan ha ein dødeleg konsekvens. Årsakene til at ein person får tankar om eller prøver å ta livet sitt er ofte samansette. For nokon er sjølvmordstankar knytt til ei krise eller depressiv episode, hos andre er det eit langvarig og tilbakevendande problem.

Statistikken viser ikkje Ulstein kommune åleine, men dei nasjonale tala peikar på ein auke i sjølvmord. På lik linje med psykiske symptom og lidingar må ein forsette det aktive arbeidet med å førebygge.

Dødsår	2014	2015	2016	2017	2018
Dødsårsak					
Alle selvmord	551	596	615	595	674
Forgiftning (X60-X66)	105	118	103	91	114
Hengning og kvelning (X70)	237	252	269	274	313
Drukning (X71)	34	37	26	30	34
Skyting og eksplosive stoffer (X72-X75)	59	75	76	74	72
Skjærende eller stikkende redskaper (X78)	13	12	21	24	22
Sprang fra høyt sted (X80)	38	38	47	41	45
Annen eller uoppgitt måte	65	64	73	61	74

Tabell 6: Sjølvmord i Noreg, folkehelsestatestikken, 2019

8.2 Rus

Alkohol er eit rusmiddel med lange tradisjonar i Noreg. Trass i at vaksne i dag drikk meir alkohol enn tidlegare, har ungdommen sin alkoholbruk flata ut, og frå tusenårsskiftet har det vore ein tydeleg nedgang. Likevel er det framleis mange unge som drikk alkohol, og då særleg i den siste delen av tenåra.

Figur 16: Alkohol bruk blant ungdomsskule elvar, ungdata 2019.

Grafen viser at det er eit fåtal av elevar på ungdomsskulen som drikk. Dette talet samsvarer også med tal frå nasjonalt hald. Statistikken viser også ein stor auke av elevar som har vore rusa etter dei har byrja på vidaregåande.



Figur 17: Alkohol bruk blant vidaregåande elvar, ungdata 2019.

Etter at elevane byrjar på vidaregåande skule aukar prosenten. Dette er ikkje unormalt og Ulstein ligg likt med landet elles. Det som er verd å nemne er at fleire av elevane som går siste året på vidaregåande skule er også myndige. Resultatet må også sjåast i samsvar med russeaktivitetar siste året på vidaregåande skule.



Figur 18: Alkohol omsetning på Sunnmøre, folkehelseoversikta, 2019

For befolkninga generelt i Ulstein har det sidan 2012 vore ein auke i konsum av alkohol. Tal frå folkehelseoversikta 2019 peikar på at omsetninga av alkohol i Ulstein er aukande. Særleg mellom 2012-2013 var det ein markant auke.

Sjølv om bruk av narkotiske stoff er ulovleg i Noreg, ser ein ein trend til at hasj og marihuana vert meir anerkjent av dei unge. Det er i dag omdiskutert om det å prøve hasj eller marihuana isolert sett er farlegare enn å debutere tidleg med alkohol. Etter at bruken av hasj og marihuana blant tenåringar gjekk opp på 1990-talet, kom det ein tydeleg nedgang fram til midten av det første tiåret etter tusenårsskiftet. Utviklinga har vore meir stabil sidan då, men det ser ut som om bruken er i ferd med å auke igjen. Ungdata viser at relativt få elevar på ungdomstrinnet har erfaring med hasj og marihuana.



Figur 19: Ungdomsskuleelevar som har brukt hasj eller marihuana, Ungdata, 2019.

Tala frå ungdomsskulen er særs positive og Ulsteinsamfunnet ligg under landsgjennomsnittet på bruk av hasj. Likevel er det viktig å påpeike at hasj og marihuana stadig vert enklare å få tak i. Funn på sosiale medium tyder på høge mørketal, noko statistikken ikkje seier noko om.

Ein ser at det er ein auke i talet på elevar som har brukt hasj eller marihuana i løpet av det siste året. Denne trenden må sjåast i samsvar med at det er større aksept blant dei unge for å bruke narkotiske rusmiddel.



Figur 20: Hasj eller marihuana bruk blant elevar i vidaregåandeskule, ungdata, 2019.

Sjølv om Ulstein kommune ligg under landsgjennomsnittet er det viktig å forsette det førebyggande arbeidet. Trass i at haldninga til narkotika er i endring viser trenden at røyking er mindre populært enn før. Talet på unge som røyker er no nede i 1%. Likevel er det ein markant auke for andre tobakksprodukt som snus.



Figur 21: Bruk av snus blant elevar i vidaregåandeskule, ungdata, 2019.

Det har tidlegare vore aktive kampanjar mot røyking, noko som delvis har vore med på å minske røyking blant ungdom. Trenden viser likevel at snus har overtatt som ungdommen sitt tobakksprodukt. Sjølv om tala er låge på ungdomsskulen, ser ein ein markant auke etter at ungdomen byrjar på vidaregåande skule.

8.3 Mobbing

Mobbing er eit alvorleg problem som rammar mange unge. Mobbing er vanlegast på barneskulen og minkar utover tenåra. Det er likevel ein del som regelmessig opplever å bli utfrosne, utestengde eller plaga òg på ungdomstrinnet. Både dei som mobbar og dei som blir utsette for mobbing, er risikoutsette grupper. Mobbeoffera er særleg utsette for fysiske og psykiske problem seinare i livet.



Figur 22: Ungdata, mobbing blant unge i Ulstein, KORUS, 2019

Ungdataundersøkinga frå KORUS tyder på at Ulstein ligg under gjennomsnittet på mobbing jamført med landsnittet. Tala peikar også på at Ulstein over tid har hatt låge tal, men det er viktig at dette ikkje vert ei sovepute for kommunen og at ein held fram med kampanjar for å førebygge mobbing. Tala kan også sjåast i samsvar med skuletrivselen i Ulstein kommune. Ungdataundersøkinga viser at ungdomen i Ulstein er nøgd med skulen og trivst i læringsmiljøet.



Figur 24: Ungdata, skuletrivsel blant unge i Ulstein, KORUS, 2019

8.4 Livsstillssjukdomar

Livsstilssjukdomar er eit samleomgrep på sjukdomar eller lidingar som eit menneske kan få som resultat av eigen livsstil. For storsamfunnet er livsstilssjukdomar vorte vår tids store helseutfordring. Det finst mange underkategoriar av livstilssjukdomar, men den vanlegaste er fedme.



Figur 25: Fedme på Sunnmøre, folkehelseoversikta, 2019.

Utviklinga på Sunnmøre er nokså lik den nasjonale trenden. Befolkninga vert alt tyngre, noko som kan medføre helseutfordringar seinare i livet. Ulstein kommune er ein av få på Sunnmøre som har opplevd ein nedgang i fedme og totalt er 5,8 % av befolkninga råka av fedme.

8.5 Antibiotikabruk

Frå nasjonalt hald har det vore eit skjerpa fokus på å avgrense bruk av antibiotika i befolkninga. Antibiotika er ei av våre beste kjelder for å nedkjempe infeksjon og andre sjukdomar. Likevel er det ein framvekst av resistente bakteriar, noko som har ført til eit skjerpa fokus på å kun bruke antibiotika når det er strengt nødvendig.



Figur 26: Antibiotikabruk på Sunnmøre, folkehelseoversikta, 2019.

Ulstein kommune har gjort fleire tiltak for å dempe bruken av antibiotika. Dette har gitt positiv effekt over lengre tid. Likevel er det viktig å forsette arbeidet med å avgrense bruken av antibiotika slik at den kan brukast som medisin i framtida.

8.6 Fattigdom

Eit område som er av viktigheit når ein snakkar om sosiale ulikskapar er låginntektsfamiliar. Nasjonale tal viser at i 2013 budde 8,6 % av alle barn mellom 0 og 18 år i hushald med vedvarande låginntekt. Dette tilsvarer om lag 84 000 barn og inkluderer hushaldningar som har hatt låg inntekt over ein periode på tre år. Ein einsleg forsørgar med to barn som har 321 000 kroner per år i inntekt etter skatt eller mindre er definert som låginntekt. Tilsvarande vil eit hushald med to vaksne og to barn ha inntekt under fattigdomsgrensa om samla inntekt etter skatt er 422 000 kroner eller mindre.

	EU-skala 60 prosent													
	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
1504 Ålesund (1977-2019)	6,3	6,3	6,4	6,8	6,6	6,5	6,7	7,0	8,3	9,0	9,2	9,2	9,2	9,5
1511 Vanylven	7,1	6,6	8,8	7,5	5,9	5,7	4,6	10,7	7,8	9,8	14,2	9,7	13,6	10,3
1514 Sande (Møre og Romsdal)	8,0	5,2	7,8	5,3	5,2	6,1	7,2	11,8	8,7	8,6	8,0	12,0	14,0	14,6
1515 Herøy (Møre og Romsdal)	5,9	6,8	7,2	7,1	5,1	5,3	5,0	6,5	5,9	6,2	8,2	10,0	10,8	10,1
1516 Ulstein	5,3	5,5	5,2	5,5	5,0	4,9	6,0	6,3	7,9	8,0	8,2	9,6	10,3	11,1
1517 Hareid	6,2	6,5	7,4	6,7	6,1	9,0	10,0	9,9	9,2	10,0	12,5	12,6	13,8	13,6
1519 Volda (-2019)	7,0	6,6	7,7	8,8	8,4	8,2	8,5	8,0	9,0	8,4	10,0	11,1	11,2	12,0
1520 Ørsta	6,9	6,3	6,0	5,6	7,0	6,3	6,2	7,5	7,7	7,6	7,8	7,6	9,9	9,1

Figur 27: låginntekstfamiliar på Sunnmøre, SSB, 2019

Tala viser at Ulstein sidan 2010 har hatt ein vedvarande auke på talet på barnefamiliar med låg inntekt. God inntekt er ofte ein del av gode levekår ettersom det gjev born og vaksne større handlingsrom i kvardagen. Tal frå ungdata peikar også på at unge registrerer fattigdom i heimen.

Har familien din hatt god eller rådleg råd/økonomi dei siste to åra?	2013	2015/ 2016	2019
God råd heile tida/stort sett	86	83	83
Vi har verken hatt god eller dårleg råd	11	15	12
Dårleg råd heile tida/stort sett	3	3	5
God råd heile tida/stort sett	82	79	77
Vi har verken hatt god eller dårleg råd	13	18	18
Dårleg råd heile tida/stort sett	5	3	6

Tabell 7: God eller dårleg inntekt, ungdata, 2019

Det er viktig at kommunen held fram arbeidet med å hjelpe låginntektsfamilier med tiltak som aktivitetskort på Ulstein Arena eller gjev økonomisk stønad slik at barna veks opp som likeverdige medlemer av samfunnet.

8.7 Framskriving

Ulstein kommune har gode verktøy for å kartlegge folkehelsa til befolkninga gjennom blant anna folkehelseoversikta, ungdata og folkehelseprofilen (2019). Oversikta viser at Ulstein kommune gjer det bra på mange område, men har visse utfordringar for framtida. Psykiske lidingar blant unge er aukande på lik linje med det nasjonale snittet. Likevel er det færre registrerte tilfelle i Ulsteinvik enn i nabokommunene. Det vert også rapportert om ein auke blant dei vaksne i kommunen, noko som krev meir ressursbruk for helse og omsorgstenestene.

Sjølvmord i Noreg aukar. Sjølv om det ikkje finst datamateriale over små kommuner som Ulstein, er det eit område som skal førebyggast. Rusbruken i kommunen er varierande. Medan dei unge drikk noko mindre, er omsetninga av alkohol aukande i Ulstein kommune. Dette tyder på at den eldre generasjonen drikk meir enn før. Hasj- og marihuanabruk er aukande blant dei unge, noko som ikkje er unaturleg grunna haldningsendringar i samfunnet. Tilsvarande prognoser ser ein elles i landet også, og ein vil i framtida truleg få fleire brukarar. Medan røyking blant dei unge minkar, er det ein markant auke i talet på unge som snusar. Nærmare 12,8 av elevar på vidaregåande skule snusar i Ulstein. Dette kan medføre utvikling av sjukdomar seinare i livet. Tal frå ungdata viser at dei unge trivst i Ulstein kommune. Mobbing blant dei unge er forholdsvis lågt. Kommunen sitt arbeid med dei unge og det førebyggande arbeidet har vore avgjerande for resultatet. Det er naudsynt at innsatsen held fram. Medan livsstilsjukdomar er aukande i landet, då særleg fedme, har ikkje utviklinga vore signifikant i Ulstein. Tal frå folkehelseoversikta viser 5,8 % fedme mellom unge, noko som er under det nasjonale snittet på 16,9 %. Talet i seg sjølv er bra jamført med andre kommuner, men det er ein problematikk som må arbeidast vidare med. Ulstein kommune har tidlegare hatt eit høgt forbruk av antibiotika, men har dei seinare åra aktivt vore bevisst på dette, noko som har gitt gode resultat. Sosiale ulikskapar vert ofte skildra gjennom låg inntekt. Det er også ofte ein katalysator for dårlege levekår. I 2019 hadde 7,3 % av barnefamiliane låg inntekt. Kommunen støttar barnefamiliar med låg inntekt gjennom blant anna aktivitetskort og tiltak frå NAV.

Framskrivinga av folkehelse og sosial ulikskap er noko usikker. Låg inntekt vert ofte sett saman med konjunktursvingingar i næringslivet og utdanningsbakgrunn. Dersom kommunen held fram med å støtte barnefamiliar med låg inntekt, kan dette gje auka livskvalitet for borna, og minske klasseskilnader i samfunnet. Truleg vil psykiske lidingar blant unge auke og dette kan føre til fleire sjølvmord. Difor vil det vere viktig at kommunen arbeider aktivt for å førebygge dette. Når det kjem til rus er alkoholbruken til dei eldre aukande. Dette kan føre til negative langtidsverknader og auka kostnader for kommunen. Blant dei unge er haldninga til narkotika eit vedvarande samfunnsproblem. Sjølv om det i dag er eit fåtal som brukar marihuana eller hasj, kan dette fort eskalere. Talet på unge som snusar er svært høgt, og vil truleg auke med tida. Det vil truleg vere viktig å rette fokus på førebyggande arbeid på lik linje med tobakk. Livsstilsjukdomar er eit område som må arbeidast vidare med. Stadig fleire sit meir i ro. Ulstein har i dag fleire aktive idrettslag. Likevel er ikkje dette tilbod som passearalle. Difor er det viktig å oppmuntre til fysisk aktivitet. Dette kan ha førebyggande effekt på til dømes psykisk helse. Gjennom stortingsmeldingar som Leve heile livet, peikar ein på at innbyggjarane sjølve har eit ansvar for eiga helse. Truleg vil det i framtida verte større behov for at innbyggarane aktiverer seg sjølve, og er opne om eigen livsstil og helsesituasjon.

9. Demokratisering

Innbyggarmedverknad og deltaking i samfunnet er avgjerande for å skape gode samfunn for alle. Med dei utfordringane kommunene står over for, treng vi å i å bli ein kommune som samskapar i lag med innbyggarane, næringsliv og andre aktørar.

9.1Tillit

Tillit kan vere viktig for å skape utvikling i ein kommune, spesielt tillit mellom politikarar, kommunetilsette og næringslivet. Tillitsmålingar gjennomført av Telemarksforsking indikerer at det er eit samband mellom tillitsnivået i ein kommune og kommunen sin attraktivitet for næringsliv og busetting.

Innbyggarundersøkinga frå 2019 viser fortsatt høg tillit i Ulstein sammenlikna med resten av Noreg (som har svart på same undersøkinga).



Figur 28: TIllit - innbyggjarundersøking Ulstein 2019

Men om ein ser kva som ligg bak tala, ser vi at over 1/3 av dei som har svara ikkje trur at kommunen handsamar like saker likt. Dette er også 6 prosentpoeng høgare enn for 2 år sidan.



Figur 29: TIllit - innbyggjarundersøking Ulstein 2019

Innbyggjarundersøkinga viser at vi må halde fram med arbeidet med innbyggjarmerkverknad for å framleis sikre tillit mellom administrasjon, politikararar og innbyggarar.

9.2 Samskaping

Dei siste åra har ein sett at deltakinga i demokratiske forum eller i val har minka. Det har vore eit mål å styrke demokratiseringa av kommunen, men demokratisk deltaking og samskaping kjem ikkje av seg sjølve. Difor har kommunen utarbeida strategien «Saman om å skape, Strategi for innbyggardialog». Strategien har tre satsings-område:

- **Eigenverdi**: Innbyggarane tek del i avgjerdsprosessane og i demokratiseringa av byråkratiet.
- **Avgjerdene**: Innbyggardialog gjev eit betre grunnlag for gode avgjerder.
- **Samskaping**: Den kommunale organisasjonen har alltid avgrensa ressursar. Difor må innbyggarane, organisasjonane og verksemdene i lokalsamfunnet involverast i å skape Ulstein i framtida.

Ulstein kommune har vore svært proaktiv gjennom blant anna føringar som «Saman om å skape, Strategi for innbyggardialog». Denne strategien er eit ønske om å demokratisere byråkratiet, auke dialogen med innbyggarane og auke samskapinga mellom innbyggarar, organisasjonar og verksemder - for å skape eit betre Ulsteinsamfunn.

Strategien har som utgangspunkt å skape ei proaktiv befolkning. På det nasjonale nivået går valdeltakinga ned og fleire deltek ikkje i demokratiet. Ulstein kommune har snudd denne

trenden, og ved lokalvalet i 2015 deltok 60% ved valet. I 2019 auka deltakinga og om lag 65% røysta.

Ulstein kommune har som eit ledd i strategien byrja med nye og innovative løysingar for å sikre ei god samfunnsutvikling. Eitt av tiltaka er *byvandring,* der kommunen inviterer innbyggjarar til å gå ein tur i sentrum. Ved at teknisk avdeling forklarer og fortel om planar for området, vert det enklare for innbyggarane å sjå prosjektet samt kommentere det. Dette legg føringar for at eit prosjekt kan verte eit samarbeid mellom innbyggarane og kommunen.

9.3 Digitalisering

Digitalisering og nye teknologiske løysingar som *Cityplanner* og *webforum* kan forbetre kommunikasjonen mellom administrasjonen, politikarar og folket. Gjennom gode kanalar styrker ein samarbeidet og røystene i samfunnet. Ved å gjere fleire funksjonar og dokument tilgjengelege for innbyggarane kan ein sikre ein betre og breiare dialog mellom kommunen og innbyggarane. Kommunen har investert i nye digitale portalar og nytt arkivsystem som forenklar informasjonsflyten og måten ein kan kome i kontakt med kommunen. Gjennom arbeidet med sentrumsplanen i Ulsteinvik har kommunen brukt programvara cityplanner for å visualisere planen og for å vise innbyggarane sine innspel. Kommunen bruker også aktivt sosiale medium for å dele informasjon eller sende ut viktige meldingar.

Gjennom digitalisering av kommunen ser ein auka deltaking i det kommunale ansvarsområdet. Digitalisering er såleis et avgjerande verkty som kommunen bør arbeide vidare med for styrke demokratiseringa av kommunen. Likevel bør kommunen vise skjøn ved bruk av sosiale medium. Digitale forum kan enkelt verte misbrukte for å påverke og villeide innbyggarane. Dessutan viser forsking at sosiale medium aktiviserer vise grupperingar medan andre vert utelatne.

9.4 Framskriving demokrati

Framskrivinga viser at kommunen sitt digitaliseringsarbeid vil halde fram i aukande grad. Kommune-Noreg er i ein omstillingsprosess når det kjem til digitalisering av tenester. Samstundes utviklar teknologien seg raskare enn det kommunene kan ta til seg, til dømes velferdsteknologi. Det vil truleg vere avgjerande for demokratiseringa av byråkratiet at digitalisering får ei større rolle. Det er likevel viktig å påpeike at framveksten av digitalisering også vil ha konsekvensar for korleis ein kan bruke informasjonen samstundes som ein tek vare på personvernet. Falske nyhende som vert dikta opp for å spreie falsk informasjon for å påverke haldningar, er eit aukande problem og vil truleg verte eit større problem i framtida. Dette kan skape fraksjonar og påverke tilliten mellom kommunen og innbyggjarane. Individualiseringa av samfunnet vil truleg også påverke kommunen og innbyggarane i framtida.

10. Kultur

Kulturlivet er ofte sjølve limet i eit meir fragmentert og individfokusert framtidig samfunn. Difor er det naudsynt å skape gode arenaer for samhandling, samskaping og opplevingar. Dette skaper eit godt samfunn. Utviklinga av lokalsamfunnet er avhengig av eit godt samspel mellom kommunal sektor og frivilligheita. Frivilligheit og dugnadsarbeid bidreg til integrering, deltaking og identitet.

Ulstein kommune har lenge hatt eit godt samarbeid med næringsliv og frivillige lag og organisasjonar, for å utvikle ulike arenaer, anlegg, parkar og aktivitetsområde for innbyggarane i kommunen.

10.1 Rekreasjon og fysisk aktivitet

Ulstein kommune har dei siste åra gjort mykje i høve tilrettelegging for fysisk aktivitet og rekreasjon både i Ulsteinvik sentrum, men også elles i kommunen. Dette er tiltak hovudsakleg i kommunal regi, men også i samarbeid med lokale organisasjonar og grendalag. I Ulsteinvik har vi parkane Vikholmen, Bugardsmyrane, Saunesparken og Bjørndalsparken, sykkelparken på Hovset og Tufteparken. I krinsane er det bygt ut ballbingar og leike-/aktivitetsområde ved alle skulane, aktivitetsområde ved stranda i Eiksund, ved Kjerringnesvatnet, Uglesætra og dei mange turvegane i dei nære fjellområda i Ulsteinfjella.

Alle desse fasilitetane og aktivitetsområda er viktige tilbod til innbyggarane i Ulstein, både med tanke på trivsel, bulyst, sosiale møteplassar, eigenorganisert aktivitet og folkehelse i vid forstand. Undersøkingar viser at dette er tilbod innbyggarane set stor pris på, noko som også er i samsvar med det generelle inntrykket i høve oppslutning og bruk.

10.2 Kulturindeks

For å «måle» kultur i kommune-Noreg, har Telemarksforsking utvikla *norsk kulturindeks* som er ein årleg oversikt over kulturtilboda og kulturaktiviteten i norske kommuner, regionar og fylke. Indeksen er basert på registerdata frå ei rekkje offentlege etatar, interesseorganisasjonar og foreiningar. Målsetjinga med Norsk kulturindeks er å beskrive det faktiske kulturtilbodet og den faktiske kulturbruken innanfor kommunen som geografisk område.



Figur 30. Kulturindeks Ulstein kommune, Telemarksforsking, 2018.

Kulturindeksen for 2018 viser at Ulstein gjer det bra på fleire område. Vi har ifølge indeksen eit godt kino og bibliotektilbod, i tillegg til at også kulturskule, konserttilbod og frivilligheita scorar bra. Spesielt gledeleg og kanskje ikkje uventa, er det å sjå utviklinga for biblioteket. Her har moderne og innbydande lokale i Ulstein Arena gjort sitt til at biblioteket har fått ein oppsving både med tanke på besøk, utlån og arrangement.



Figur 31. Kulturindeks Ulstein kommune, Telemarksforsking, 2018.

Konsert- og kinotilbodet gir også Ulstein god score på indeksen. Sjøborg kulturhus har i mange år vore det mest brukte kulturtilbodet i kommunen, med om lag 40.000 besøk årleg. I gjennomsnitt gir dette eit besøk å over 100 personar kvar dag gjennom heile året. Arrangement har sjølvsagt eigenverdi med tanke på innhald, trivsel og bulyst, men i tillegg har

arrangement på Sjøborg også ringverknader både for hotell og dei mange serveringsstadene i sentrum.

Kulturindeksen viser også at frivilligheita står sterkt i Ulstein. Frivillig sektor omfattar alt frå organisasjonsliv, kor, korps og idrett, til dei som stiller på dugnad for fellesskapet av meir uorganisert karakter. Ein oppegåande frivillig sektor og eit godt samspel med kommunal sektor, er viktig med tanke på utvikling av lokalsamfunnet, integrering og deltaking. Tal frå 2015 viser at innbyggarar i Ulstein scorar høgst mellom kommunene i regionen på Deltaking i fritidstilbod (78 %) og Fornøgd med lokalmiljøet (77 %), noko som er gode indikatorar på område der frivillig sektor er ein «bidragsytar».

Når det gjeld samspelet med frivillig sektor, er kommunen si utbygging og tilrettelegging av anlegg for organisert og uorganisert aktivitet viktig. Dei mange idrettsanlegga er sjølvsagt viktige element her, men også bygging av turvegar og gapahukar, merking av turstiar, og bygging av parkanlegg og rekreasjonsområde stimulerer frivillig sektor til å bidra med menneskelege og økonomiske ressursar i utviklinga av attraktive og trygge lokalsamfunn.

Kulturindeksen peikar på at 78 % av innbyggarane i Ulstein er nøgde med lokalmiljøet. Indeksen viser også at nye og sentrumsnære bygg som Ulstein Arena og Sjøborg er ein styrke for kommunen. Etter Ulstein Arena opna i desember 2017 har ein mellom anna sett ein markant auke i lån av bøker, fleire aktive i idrett og klatring, og 55.000 besøkande i Ulsteinbadet. Dette er det same som vi opplevde då Sjøborg kulturhus opna i 2007, med om lag 40.000 besøkande på kino og konsertar første åra. Det handlar mykje om å skape gode arenaer for samhandling, samskaping og opplevingar, noko også folkevandringane i fjellet på dei nye turvegane er døme på. I Ulstein Arena har tenester som bibliotek, symjehall og klatrehall vorte samlokaliserte. Resultatet er at fleire bruker tenestene, og det skaper nye sosiale møteplassar for folk

10.3 Framskriving kultur

Framskrivinga for kultur peikar på at det er viktig for kommunen å pleie det gode tilhøvet til den frivillege sektoren. Denne sektoren bidreg til at Ulsteinsamfunnet utviklar seg positivt og at nærmiljøet er attraktivt. Kulturindeksen peikar også på at samlokalisering av ulike funksjonar kan stimulere ulike aktivitetar samstundes som det skaper gode sosiale møteplassar. Ulstein Arena er eit godt døme på dette. Difor er det viktig at kommunen ser verdien av kultur og kva den kan bidra med.

Kjelder

Kjeldematerialet som er brukt i samfunnsanalysen varierer frå offentleg statistikk til opplysningar som er henta frå dei ulike etatane sine respektive arbeidsområde:

Folkehelseinstituttet (2019) Kommunehelsa statistikkbank henta frå folkehelseinstituttet sine heimesider: http://khs.fhi.no/webview/

Folkehelseinstituttet (2019) Folkehelseprofilen Ulstein kommune, henta frå folkehelseinstituttet sine heimesider: https://www.fhi.no/hn/folkehelse/folkehelseprofil/

Kommuneprofilen (2020) Ulstein kommune, henta frå kommuneprofilen sin nettstad: www.kommuneprofilen.no

Miljødirektoraret (2019) co2 utslepp i Ulstein kommune. Henta frå miljødirektoratet si heimeside: www.miljodirektoratet.no

Møre og Romsdal fylkeskommune (2019), kommunestatistikk Ulstein. Lasta ned frå Møre og Romsdal Fylke si heimeside: www.mrfylke.no

Næringslivets Hovudorganisasjon (2020) Kommune-NM 2019 Ulstein kommune. Henta frå NHO sin nettstad: www.nho.no

Telemarks forsking (2020) Norsk kulturindeks Ulstein kommune. Henta frå kulturindeksen sin nettstad: www.kulturindeksen.no

Ungdata (2019) Kompetansesenteret for rus, ungdata undersøkinga Ulstein kommune. Henta frå ungdata sine heimesider: www.ungdata.no

Ulstein kommune (2019) Tillit-innbyggjarundersøking. Henta frå Ulstein kommune.

Ulstein kommune (2018) «Saman om å skape» Strategi for innbyggardialog. Henta frå Ulstein kommune sine heimesider: www.ulstein.kommune.no

Ulstein kommune (2019) Folkehelseoversikta (2019-2023) Ulstein kommune. Henta frå Ulstein kommune sine heimesider: www.ulstein.kommune.no

Ulstein kommune (2019) Kommunekompasset, evaluering av forvaltningspraksisen i Ulstein kommune. Henta frå kommunen sine heimesider: www.ulstein.kommune.no

Statistisk sentralbyrå (2014) Diverse statistikkar henta frå statistisk sentralbyrå sin nettstad: www.ssb.no